

# Referat frå møte i Samarbeidsutvalget (SU) Ombo oppvekstsenter

Måndag 20. november 2023, 08.30-10.00

Møte nr. 4/2023.

Møte fysisk og på Teams.

Innkallinga er send til:

Hege Berglund (leiar FAU og repr. foreldre 5.-7. klasse), Magnhild Skartveit Olsen (vara repr. foreldre barnehage), Sunniva Nårstad (repr. foreldre 1.-3. klasse), Rasmus Bø (repr. tilsette skule), Tove Bergjord Tysdal (repr. tilsette barnehage), Frid Rørheim (repr. andre tilsette), Eline Wolden Bersagel (repr. Stavanger Kommune), elevrådet (Kristher Moen Helgaland, Anna Serina Nes og Nora Berglund v/ Rasmus Bø), Hanna Skartveit (rektor og referent).

Eline Wolden Bersagel deltok på Teams. Ikkje til stades: Rasmus Bø.

Sak 9-23/24: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste.

Godkjent.

Sak 10-23/24: Godkjenning av referat frå SU-møte 18. september 2023.

Godkjent.

Sak 11-23/24: Ny midlertidig representant for foreldra i barnehagen i SU.

Marius Trøim har bedt om å gå ut av SU. Magnhild Skartveit Olsen, som er vara, sit i SU fram til nytt val på foreldremøtet hausten 2024.

Sak 12-23/24: Saker frå Elevrådet.

Ingen saker.

Sak 13-23/24: Endring i skuleruta: Avspasering flytta frå 21. juni til 2. februar.

- Endringa kjem av at vi har beskjed om at alle skulane skal ha den same siste skuledagen før sommarferien. Vi har derfor ikkje lov til å ha avspasering den dagen.
- Ny skulerute er godkjent.

Sak 14-23/24: Auking av matpengar i barnehagen frå januar 2023.

- Hanna informerte om at matpengane i barnehagen kjem til å auke frå 350,- til 400,- per månad frå januar 2024. Dette fordi matvareprisane har auka og vi går i minus. Vi ønsker å halde fram å gjere innkjøp på Joker Ombo, sjølv om vi kunne spart pengar på å handle på Finnøy. I Stavanger, på Fogn og på Sjernarøy har dei allereie auka matpengane.

#### Sak 15-23/24: Informasjon frå rektor.

- Informasjon om arbeid på uteområdet.
  - Hanna informerte om at delen med reiler og supernova vil bli opna i dag i det første friminuttet. Klatreveggen er forsinka fordi fjellet under er porøst. Geolog har vore og sett på det. Det vil komme sikring av fjellet, men vi veit ennå ikkje korleis. Klatreveggen vil ikkje bli ferdig før på nyåret, vi veit ikkje dato ennå. Dei store steinane rundt hjørna på bygget er tatt vekk og dei har asfaltert. Nye sykkelstativ på baksida.
  - Foreldrerepresentantane syns det ser litt lite ut for pengane. Er dette pga. auka kostnader med klatreveggen? Nei, fordi kva vi skulle få var avklart før problemet med fjellet under klatreveggen blei oppdaga.
- Status på Vigilo.
  - Barnehagen sin kommunikasjonsmodul skal opnast måndag 27. november. Vi har ikkje fått opplæring og håpar å kunne ta den i bruk snarleg. På skulen har vi framleis ei utfordring med samtykke og vi har ikkje tatt i bruk kommunikasjonsmodulen. Inntil vidare ser vi på gamle samtykke (det er avklart at dette er greitt) og vil sende ut ny lapp. Hanna har spelt inn at det bør komme ein app for tilsette, slik at systemet blir mindre såbart.
- Litt om samarbeidet mellom barnehagane på Ombo og Fogn.
  - Tove og Hanna fortalte at samarbeidet fungerer veldig godt og at både barn og vaksne syns det er kjekt. Dei får trening i reising og i å bli kjent med nye folk, både barn og vaksne. På Fogn er dei også nøgde. Vi kjem til å halde fram med dette.
- Aktivitetar før jul.
  - Siste skuledag før jul: 19. desember. Julegudstjeneste og graut blir antagelig 19. desember, presten har ikkje bekrefta ennå. Juleverkstad 18. desember.
  - Elevane ønsker bålpanne om morgonen (evt. med gløgg e.l.), iallfall 1 gong i veka. Det skal vi få til, men ikkje kvar dag.
  - Vi skal sette dato Nissefesten snarleg, i veke 50.
  - Magnhild: Kan dei ha nissefest eller Lucia-frukost i barnehagen også? Ja.

#### Sak 16-23/24: Saker frå FAU.

- Ingen saker meldt inn på førehand.
- FAU ønsker å lage graut til juleavslutning om ikkje Eldbjørg skal. Frid snakkar med Eldbjørg.
- Det kom ei påminning om at vi avtala å kjøpe sparkesyklar på årets budsjett. Hanna skal sjekke dette og bestille.

#### Sak 17-23/24: Ymse.

- Hanna informerte: Politiet har sagt dei skal komme. NB: Fokus på refleks. Dei må komme tidleg på morgonen, mens det framleis er mørkt.
- Kan vi begynne møtet kl. 09.00 neste gong? Ja.

#### Sak 18-23/24: Neste møte.

- Måndag 22. januar 09.00-10.30.